

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Sveinung Toft | FA-L12 | 14/663 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 012/2019 | Formannskapet | PS | 11.02.2019 |

Reguleringsplan for Nordkvingo Småbåthamn - 1. gangs handsaming

Vedlegg:

| Journalposttittel | Dato |
|-----------------------|------------|
| Illustrasjonsplan | 06.09.2018 |
| Reguleringsplan | 06.09.2018 |
| Planrapport REV_1 | 01.02.2019 |
| Reguleringsbest_Rev 1 | 01.02.2019 |


Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn vert i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 sendt ut til offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Det er sendt over privat framlegg til reguleringsplan for Nordkvingo Småbåthamn. Planområdet ligg på gnr. 37 bnr. 8, 14 mfl. Kvingo i Nordkvingevågen. Detaljreguleringsplanen er utarbeida av Weglo Design, Plan & Landskap As på oppdrag frå Bjørn Rune Kvinge. Planforslaget legg opp til 5 nye naust, båthus, sanitærbygg, badevik, småbåtanlegg med tilhøyrande infrastruktur og anlegg i sjø med inntil 26 båtplassar. Tilkomst vil skje frå Kvingebakkevegen. Planområdet inneheldt no nokre naust, eitt nothus og . Terrenget er varierende frå flatt , skrånande og bratt. Området er i arealdelen av kommuneplanen for 2012- 2024 avsett til LNF, småbåthamn og byggeområde. Deler av området er regulert til naust (An 10) i kommuneplanen. Framlegg til ny kommuneplan som er under utarbeiding legg ikkje opp til endringar i dette planområdet.



Planskildringa inneheldt utgreiing knytt til vanlege tema knytt til kulturminne, miljø og friluftsliv, trafikktilhøve m.v., samr ROS- analyse. Planskildringa konkluderer ned at planframlegget ikkje kjem i konflikt med viktige ålmenne verdiar eller i høve andre interesser, eller at området har spesielle risikotilhøve ved seg. På grunn av fare for havnivåstigning vert det føreslått at nye naust må leggjast på minimum kote +2,5.

I planframlegget vert det opna for naust på maksimal 40 m² i grunnflate (BYA), og høgde på maksimum 5 meter. Det vert og sett opp maks kotehøgder på kvar av nausta, og krav til estetikk. I tillegg vert det opna for eit nytt båthus i 2 etasjar på til saman 160 m², og eit sanitærhus på inntil 7 m². I punkt 5.3.5 vert det slått fast at ålmenta skal ha tilgang til kaiområdet. Vidare vert det regulert inn tilkomstvegar og to felles parkeringsplassar for inntil 12 bilar, og eit mindre badeområde heilt sør i planområdet. Det vert elles vist til vedlagde planskildring for fleire detaljar knytt til planframlegget.

Vurdering:

Rådmannen meiner at planforslaget ikkje vert omfatta av §6, «Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding» og heller ikkje § 8 a «reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II». Då planarbeidet ikkje vert omfatta av vedlegg II er det ikkje vurdert om planen kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn etter kriteri i §10. Planforslaget vert etter dette vurdert til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing i samsvar med forskrifta. Planområdet er geografisk avgrensa og verknader av planen vil bli tilstrekkeleg gjort greie for og vurdert i det ordinære planarbeidet. Dette gjeld forhold innanfor planområdet og for tilgrensande areal.

Vidare meiner rådmannen at arealbruken i hovudsak er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, der område er sett av til veg, naustområde, småbåthamn. Planlagt utbygging er slik ein ser det i tråd med nasjonale og regionale føringar for utbygging i strandsona. I statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen står det at utbygging så langt som mogleg bør lokalisast til område som er utbygd frå før, slik at utbygging skjer mest mogleg konsentrert, noko som stemmer i dette planområdet. Planframlegget kjem, slik rådmannen vurderer det, i liten konflikt med natur, friluft og miljøinteresser. Ei god gjennomføring av planframlegget vil og medføra at ålmenta vil få betre tilhøve. ROS- analysen viser og at det er liten risiko for uønska hendingar knytt til planområdet og reguleringsføremåla.

Konklusjon

Rådmannen meiner planframlegget er i samsvar med overordna kommuneplan, og rår til at

reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-10 vert sendt ut til offentleg ettersyn.

Formannskapet - 012/2019

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Framlegg til reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn vert i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 sendt ut til offentleg ettersyn.